

Referat 30.08.2021 KKL

Dok. ref.:	20/11345-99	Møtedato/ Tid:	30.08.2021 09:00
Stad:	Øygarden rådhus og Microsoft Teams	Møtenr.:	
Referent:	Thomas Bekkenes		
Til stades:	Tom Georg Indrevik, June Johannesen, Bjørg Møllerløkken, Rune Landro, Anne Erdal		
På Teams:	Bjørn Erik Kristiansen, Grethe Bergsvik, Tove Helleland, Anne-Merete Vabø Haugane		

SAKSLISTE

Punkt til behandling	Beskriving/status/oppfølging	Konklusjon
Informasjon – kommuneoverlege & smittevernlege	<p>Grunna Covid-19 smitte i barnehagen, og per nå manglande oversikt over situasjonen settast Stranda barnehage over på gult nivå frå og med måndag 30/08 og ut veka. Utover uka når det føreligger en betre oversikt over situasjonen vil det tas stilling til vidare tiltak med tanke på trafikklysmodellen.</p> <p>Styrer er informert.</p> <p>Avgjersle er tatt i fellesskap av smittevernlege og fungerande kommuneoverlege.</p>	KKL er informert og samd i avgjersla.
Smittesituasjon i kommunen – informasjon.	<p>Smitta kvar dag.</p> <p>Press og mykje arbeid på smittesporing sjølv med nye retningslinjer.</p> <p>Kjent veg på dei fleste som blir smitta.</p>	KKL er informert.
Evaluering storbrann 2021 – Informasjon frå statsforvaltar.	<p>Tid og stad: 3. september 2021, Øygarden rådhus.</p> <p>Møteheldar er Statsforvaltar Vestland, beredskap.</p>	KKL er informert om agenda.

Dok. ref.:	20/11345-99	Møtedato/ Tid:	30.08.2021 16:00
Stad:	Digitalt	Møtenr.:	
Referent:	Thomas Bekkenes		
Deltakarar	Tom Georg Indrevik, Rune Landro, June Johannesen, Anne Erdal, Anne-Merete Vabø Haugane, Line Barmen, Bjørg Møllerløyken		

<p>Gult nivå for barnehagar og skule</p>	<p>Etter møtet i KKL måndag føremiddag 30.082021 drøfta kommuneoverlegen og smittevernlegen situasjonen med auka smitte blant barn og unge. Det vart konkludert med at barnehage og skule må setjast på gult nivå.</p> <p>Grunngjeving</p> <p>Målet er å avgrensa spreiring av Koronavirus blant barn og unge fram til den vaksne befolkninga er fullvaksinert. Det er realistisk at vi har fullført vaksinasjon i denne vaksne befolkninga innan fire til fem veker. Barn og unge er nå er blant den gruppa med flest smitta, dei fleste får mild sjukdom, men enkelte kan få eit forlenga sjukdomsforløp. Ved å avgrensa tal nærkontaktar, vert smittespreiinga redusert i tillegg til at det avgrensar talet i gruppa som går inn i test for karanteneordninga.</p> <p>For barn kan hyppig testing opplevast vanskeleg, det er også krevjande for barnehage og skule då denne ordninga medfører mykje administrasjon knytt til sjølve testinga. I tillegg vil mindre grupper som skal inn i ordninga redusera press på teststasjonen og på koronatelefonen som den siste veka har hatt store kapasitetsutfordringar.</p> <p>Det er godt mogleg at barn ned til 12 årsalderen vil få tilbud om vaksine. Slik situasjonen er no med grønt nivå og mykje smitte risikerer vi at foreldre og barn ikkje får eit reelt val om dei ønsker å nytta eit eventuelt vaksinetilbod da smitta spreier seg før tilbodet kan gjevast. Per nå er det ikkje frå sentralt hald teke stilling til om barn under 16 år skal få vaksine eller ikkje. Det er ikkje gjeve konkret dato for dette, men ein har lova at det skal avgjerast i løpet av den næraste tida. Fram til dette er avgjort vil vi prioritera å verna denne gruppa mest mogleg, med minst mogleg inngripande verkemidlar. Gult nivå kan vera med på å sikra at flest mogleg barn kan gå i skule og barnehage som normalt i tida framover.</p> <p>I første omgang er gult nivå aktuelt i fire veker, frå og med veke 35 til og med veke 38. Før perioden er over vert det teke stilling til om gult nivå skal forlengjast eller ikkje. Elles held kommunen til dei nasjonale føringane. Her ligg vurdering i større grad opp til kvar enkelt familie kva som er rett i den situasjonen dei er i.</p>	<p>KKL slutta seg til konklusjonen frå kommuneoverlegen og smittevernlegen om at barnehage og skule skal over på gult nivå.</p>
---	---	---